

Sivilingeniør Atle Sundal  
Kanalveien 52C  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar: Atle Sundal  
Vår: 20/15104 - 21/11108

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
18.02.2021

## Løyve til terrengeinngrep for etablering av bensin- og dieselanlegg - gbnr 428/63 Kvalheim nedre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 237/21**  
**Tiltakshavar:** Kvalheim Fritidsenter AS  
**Ansvarleg søker:** Sivilingeniør Atle Sundal  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av bensin- og dieselanlegg på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.01.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horizontalplanet.
3. Det må ikke gjerast tiltak innanfor byggjegrense mot veg utan at dette er søkt om spesifikt.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

## **Tiltak**

Saka gjeld søknad om graving, sprenging og tilbakefylling for tank for diesel og bensin. Det skal etablerast ein race for 2 stk rør på ø50 og funament for pumpe- og betaingsautomat på kaifront. Det er i søknaden ikkje opplyst m<sup>3</sup> for titlaket, men tanken er oppgitt til å ha ein diameter på ø2000, lengde på 8 m og bredde på 2 m.

Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.09.2020 og supplert 11.01.2021.

## **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Følgjande dokumentasjon vart etterspurrt ved brev av 21.10.2020:

1. I gjeldande reguleringsplan er området for nedgraving av bensin- og dieseltank avsett til BKB8. I planen kjem det fram at området er for konferansesenter / restaurant / fellesanlegg samt andre felles fasilitetar for fritidssenteret. For etablering av bensin- og dieseltank på området er det naudsynt med dispensasjon frå gjeldande føremål i reguleringsplanen.
2. Tiltenkt plassering er, basert på situasjonskartet, innanfor byggjegrense mot veg. I gjeldande reguleringsplan kjem det fram at innanfor byggjegrense mot felles veg kan det ikkje utførast andre tiltak enn mindre terrengeendringar. Det er naudsynt med ein dispensasjon for byggjegrense mot veg.
3. Kommunalt VA-anlegg går forbi tomta. Det er noko uklårt om tiltaket kjem nærmare enn 4 meter frå kommunalt VA-anlegg. Tiltaket må enten plasserast 4-meter frå VA-anlegget eller det må sjekkast om dispensasjon frå kravet om avstand.
4. Øvste punkt på tiltaket skal plasserast om lag på same nivå som eksisterande kaiplate (+ 2,00). Vi minner om krava i TEK17 § 7-2 tredje ledd som omfattar at tiltak skal liggja trygt for stormflo.
5. Ved innsending av revidert situasjonskart som syner avstand til byggjegrense, VA-anlegg og andre bygningar på eigedommen, ber vi om at Alver kommune sitt kartgrunnlag vert nytta.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søker 11.01.2021.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 01.02.2021.

## **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kvalheimsneset sørvisområde, gnr. 28 bnr. 63, 90, 95 m.fl. er definert som kombinert formål- fritids og turistføremål/bevertning (BKB8).

Ved utsending av mangelbrev viste kommunen til at det var naudsynt med dispensasjon for tiltaket.

Søkjar har i sitt brev av 11.01.2021 til at bensin- og dieselanlegget for båtene dei har til utleie må sjåast i samanheng med felles fasilitet for fritidsenteret. Kommune legg til grunn at anlegget skal nyttast i samband med dei båtene som Kvalheim Fritidssenter AS leige ut og tiltaket treng difor ikkje dispensasjon.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Det er avklart med NGIB at dei ikkje skal ha saka på høyring.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.01.2021.

I brev med supplerande informasjon er det opplyst fylgjande om avstander; Situasjonsplan og situasjonsplan med inntegnet reguleringsplan er vedlagt. Bensintanken er ikke innenfor byggegrense mot vei. Bensin-, dieseltanken vil bli nedgravd og det vil bli tilbakefylt over tanken, slik at ferdig terreng vil bli omrent i samme nivå som veien.

Kommunalt VA-anlegg. Kommunen anla VA-ledninger i veien. Det er nå kun vann-ledningen som er kommunal. På det nærmeste er den 5,0 m fra tanken, ref vedlagte situasjonsplan med målsatte avstander.

Revidert situasjonplan med inntegnede VA-anlegg er vedlagt. Avstand til ledninger er påført. Avstand til nærmeste bygninger er mer enn 8 m. Avstand til boder/ sløyebod på kai er ca 8,0 m og til kurs- og konferansesenteret ca 14,0 m. Avstand til nærmeste rorbu er ca 15,0 m og til nærmeste hytte er ca 17,0 m.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

### **Terrenghandsaming**

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrengr, og plassering i høve terrengr.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **VURDERING:**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Det er lagt til grunn at det ikke skal gjerast tiltak utanfor byggjegrensa.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må hove til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/15104**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i

strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av bygget må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Supplerende informasjon  
Situasjonsplan med regplan inntegnet  
Situasjonsjonsplan  
Snitt før og etter

### **Mottakarar:**

Kvalheim Fritidsenter AS	Marøyvegen 5937 160	BØVÅGEN
Sivilingeniør Atle Sundal	Kanalveien 52C 5068	BERGEN